



RADØY KOMMUNE

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400403	Dok.nr.: 138
Arkivkode: 416.9	Dato: 04.11.04
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

Sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
04/651-3/04/5065//BJO

Dato:
Manger: 01.11.2004

HØRING - EI NY ARBEIDS OG VELFERDSFORVALTING - OM SAMORDNING AV AETATS, TRYGDEETATENS OG SOSIALTENESTAS OPPGÅVER

Radøy formannskap drøfta saka i møte den 26.10.04, sak 134/04, og gjorde følgjande slik uttale:

”Radøy kommune meiner at kommunesektoren og velferdssamfunnet er avhengig av ei meir effektiv iverksetjing av arbeidslinja i velferdspolitikken.

Radøy kommune meiner at ei meir effektiv iverksetjing av arbeidslinja, er avhengig av kommunane. Til no har arbeidslinja vore ei programerklæring som den eksisterande forvaltninga ikkje har makta å realisere. Dette vert grunngjeve med at over 700.000 personar i yrkesaktiv alder lever av trygdeytningar i staden for løna arbeid. Ei meir effektiv og brukarretta velferdsforvaltning må derfor få fleire i arbeid og aktiv verksemd - og færre på trygd og sosialhjelp.

Radøy kommune meiner at ei vidare samordning av Aetat, trygdeetat og kommunale sosialteneste er nødvendig.

Radøy kommune meiner at brukarperspektiv og demokratiperspektiv talar for kommunal modell. Kort veg frå politisk leing i kommunen til førstelinjetenesta og brukarane gjev betre kommunikasjon, enn frå Storting via departementet til direktoratet og deretter til lokalnivå. For brukarane vil det seia at ein får eit felles førstelinjetilbod av tenester som er tilstanden i alle kommunar. Særleg for brukarane med svak tilknyting til arbeidslivet og behov for tettare og tverrfagleg oppfølging, blir ei slik felles førstelinje viktig for evna til å møte brukarane sin trong for bistand.

Radøy kommune meiner at to store samarbeids- og samordningsutfordringar må møtast lokalt for å få ny forvaltning til å fungere effektivt. Alle kommunar har erfaring med å løyse samordningsutfordringar. Staten har neppe den nødvendige kompetanse til å styre ei lokal samordning av ein ny arbeids- og velferdsforvaltning i eit kvart lokalsamfunn.

Radøy kommune meiner at organiseringa av samarbeidet med kommunane, tilhøve til felles førstelinjeteneste og lokal nærvær av arbeids- og velferdsforvaltninga er utydeleg utgreidd i NOUen. Dette er avgjerande område dersom forvaltninga skal bli meir effektiv og brukarretta.

Radøy kommune meiner og at NOUen sitt forslag om ein ny og tidsavgrensa arbeids-søkjarstønad er uklårt. Utydeleg grenseflate mot sosialhjelpa vil skape gråsoner. Arbeids-søkjarstønad for "reelle arbeidssøkjjarar" kan indirekte bidra til negativ fokusering av sosialhjelpsmottakarar. Tidsavgrensa arbeidssøkjarstønad kan omdefinera innhaldet i den økonomiske sosialhjelpa til meir permanent yting.

Ein dialog mellom staten og kommunesektoren for å kartleggja alternative tilnærming vil vera nyttig. Det er viktig at kommunane får ein sterkare påverknad ved iverksetjing av arbeidslina. Kommunane sit med brei og god erfaring frå prosjekt med arbeidsretta kvalifisering og rehabilitering. Ein kommunal medverknad vil vera med å stimulera kommunane til gjennomføring av kvalifisering, jobbformidling og ei aktiv arbeidslinje.

Konklusjon:

Radøy kommune meiner at eit samordningsperspektiv og eit økonomiperspektiv talar for at modellen "Kommunal arbeidslinje er den beste for ei meir effektiv iverksetjing av arbeidslinja. Modellen vil leggja velferdsoppgåvene på lokalt nivå til kommunane. Noverande tenester og bidrag frå trygdekontor, sosialkontor og Aetat som er relevante for iverksetjing av arbeidslinja, bør samlast i ein kommunal arbeids- og velferdsforvaltning. Oppgåver som kan sentraliserast, vert lagt til ein statleg Pensjonsetat."

Dette til orientering.

Med helsing


Bjørge Johnsen
rådgjevar2